

Til Olje og Energidepartementet.

Referanse: 200707232-97

Gimsdalselva Fallrettslag (heretter kalla GF) vil klage på NVE's avslag på konsesjons søknad for bygging av Gimsdalselva Kraftverk. Vi meina at NVE's uttale «*NVE mener terrenginngrepet som følgje av utbygging vil bli store og påvirke friluftsliv svært negativt. NVE legger stor vekt på konsekvens for fisk, friluftsliv og landskap*» ikkje er truverdige.

Under synfaringa ynskja ikkje NVE å ta imot kopi av turbøker med 15 000 besøkande frå Vikedalen Grendalag. Under synfaringa var NVE heller ikkje viljuge til å gå strekninga langs Gimsdalsfossen grunna terrenget. Under synfaringa under Gimsdalsfossen ca. kote 180 til langs elva til kote ca. 150. såg NVE nokke teikn på at det er 15 000 som brukt området? Såg NVE ei rås dei kunne bruke langs same strekning? Meiner NVE at eit fiskekort sal på 5-6 kort pr. år er ei viktig brukarinteresse?

GF innser at utbygginga av Gimsdalselva Kraftverk kan ha enkelte negative konsekvensar. Men vi meina også at med avbøtande tiltak kan vassdraget kome styrkande ut av ei utbygging. Ut frå undersøking av Biologiske Mangfald og fiskeundersøkingar kan ikkje GF sjå at det der er eit eintydig grunnlag for ikkje å gi konsesjon til Gimsdalselva Kraftverk.

Vikedalen og Gimsdalen er felles utmark mellom gardane på Vik og Blindheim i Sykkylven. Dette er gardsbruk i sentrum av Sykkylven som har blitt nedbygd grunna omreguleringar av grunn. Grunn har blitt regulert til offentlige formål, industri og til bustadar. Deler av utmark har blitt regulert til bustadfelt. Bla. Vikedalen Grendalag. På Vik er det pr. i dag eit bruk som er i drift. Det som i dag står igjen av inntekts moglegheiter for bruka er fallrettane. Med dei utfordringane det er med å halde vedlike utmark, vegar, stølar og elver og samstundes gi dei bruka som er i drift i dag ei moglegheit til å oppretthalde drifta i framtida er det viktig at bruka kan få styrkje inntektsgrunnlaget.

Grunneigarlaget har gjennom dei siste 5 åra lagt ned betydelege ressursar i å ta vare på Gimsdalsstølen. Det har vore brukt dugnadsinnsats for ein halv million. Dugnaden har vore utført av både grunneigarar og hytte eigarar. Dei som er for kraftverk og av dei som er imot kraftverk. Det har vore utført reguleringsplan for Gimsdalsstølen for å ta vare på stølen mest mulig slik han var i gamal tid og legge til rette for bruk i nåtid. Dette har ikkje blitt gjort for så å øydelegge området.





Foto av arbeidet som er gjort på Gimsdalsstølen.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal uttale om at Gimsdalsfossen er eksponert og godt synleg over store avstandar strider mot NVE's uttale at *"selve elva er lite dominerende, der den renner skjult av skog på det meste av strekningen, Enkelte fosser er synlige, og fosselandskapet er imponerende, men lite tilgjengelig*. Vidare uttaler Fylkesmannen seg om at det er spor etter biotopjusterende tiltak i elva. Og det er sikkert at det det er "spor". Det har aldri vore noe organisert tiltak for å betre oppvekstvilkåra for fisk. Det som er gjort, er gjort av enkeltpersoner. Nokke rydding av skog langs elvebaren har vore gjort tidligare. Fylkesmannen legger og vekt på at han har registrert grenseskilt knytt til sportsfiske. Til opplysning så har det vore selt 5-6 fiskekort pr. år i Vikeelva dei seinaste åra. Årsaken til dette er at det ikkje er anna en sporadiske førekomstar av laks i Vikelva og det har det heller ikkje vore på fleire tiår. Den laksen som har gytt i elva dei seinaste åra er det like stor mulighet for at det er rømt oppdrettslaks som det er villaks. Det er ikkje registrert en egen villaksstamme i Vikelva. Under prøvefiske med straum vart det registrert kun sporadiske førekomstar av gyting og kun enkelte årsklasser av yngel. Ref: fiskerapport av 2014.

På midten av 50 talet og fram til midten av 90 talet var det oppdrettsanlegg av laks og ørret ved utløpet av Vikelva. Dette påverka sterkt fiske i Vikelva og fiske har vore minimalt i alle år.

Vikelva har fått ordne seg sjølv når det gjelder gyting etter at den vart rotenonbehandla på 80 talet. Dette kan vi med sikkerhet konstatere at det har vore misslykka. Og sannsynlegheita for at elva vil ordne seg sjølv er svært lita.

I 2013 søkte Grunneigarlage for Vikeelva Fylkesmannen om å få starte kultivering av og utsetting av yngel i Vikelva. Det vart gjort løyve frå Fylkesmannen til å starte dette tiltaket.

Vi vil gjerne minne om at det er det same laget som eiger Fallrettane som fiske rettane i Vikelva og står som søker til kraftverk og til kultiveringsarbeidet. Og som støttar begge tiltaka med midlar. Vi har inga interesse av at nokken av tiltaka skal øydeleggje for det andre. Vi ser på dette som ein mogligheit både å ha kraftverk samstundes med at vilkåra for laks og ørret vil betre seg. Kraftverket kan få ei særskilt oppgåve/ansvar for å legge vilkåra til rette for gyting på den andronome strekninga oppstrøms kraftverk.

Landskap, friluftsliv og brukarinteresse.

NVE skriver at Gimsdalen er innfallsporten til for dei som går fotturar inn i Vikedalen og Straumsdalen. Detter er direkte feil. Skulle tru at NVE ikkje har vore på synfaring eller satt seg inn i forholda.

Når det gjeld innsamling av 15 000 underskrifter av turbøkene til Vikedalen Grendalag så er det gjort over 3 år og sikkert mange fleire om dei går lengre bak i tid. Turkassene er plassert på fylgjande plasser: Aurenakken, Borgundkollen, Høyset, Gimsdalen og Gimsdalstinden.

Når det gjelder Aurenakken så kjem den ikkje i konflikt med det omsøkte område då den ligger ovanfor sentrum og bustadfeltet i Vikedalen. Det er og sannsynleg at halvparten av underskriftene er frå besøkande som kjem opp frå andre sida av fjellet.

Når det gjelder Borgundkollen så er det også sannsynleg at halvparten av besøkande kjem opp frå Grebstadstølen og ikkje beveger seg i Vikedalen i det heile.

Når Det gjelder Høyset så er det det einaste som vil verte synleg er eit vegkryss ned mot kraftstasjonen. Kraftstasjonen vil ikkje være synleg frå Høyset.

Når det gjelder elva på strekninga mellom turbøkene på Høyset og Gimsdalen så er den delvis eksponert på ei strekning på ca. 200m før turboka og her snur dei fleste.

Dei som går heile strekninga frå inngangen til Vikedalen og til toppane Borgundkollen og Gimsdalstinden vil som oftast skrive seg inn både på Høyset, Gimsdalen og Borgundkollen/Gimsdalstinden.

Det blir for enkelt å seie at 15 000 besøker området.

Vi vil samstundes presisere at det ikkje er nokke konflikhtar gåande mellom brukarar og grunneigarar. Tvert imot, grunneigarane ynskjer alle velkomne og har og lagt til rett og gitt løyve til at benkar og bord har blitt plassert ut i området.

Når det gjelder setervegen opp til Gimsdalen vil vi minne om at dette er ein privat veg som går opp til Gimsdalsstølen og vegen er stengt med bom ved inngangen til Vikedalen. Ved eventuell redusert bruk vil dette ramme grunneigarar og hytte eigarar. I tillegg er det veg på andre sida av Gimsdalselva som går opp til Gimsdalsfossen og der er det rås vidare inn i Gimsdalen og som kan brukast av turgåarar. Vidare er det her mogliheit for å kjøyre med bil en lengre del av strekninga for den som ynskjer det.

Denne vegen vart bygd på starten av 1930 talet og var tenkt til bruk for å gjøre det enklare å frakte mjølk ned frå Gimsdalsstølen. Dei som bygde vegen gjorde ein kjempe innsats for å få til vegen. Denne vegen vart dimensjonert for bruk av hest og kjerre. I dag er det ingen som lenger bruker hest og kjerre, men tvert imot brukast det i dag bil og store traktorer og vegen har stort behov for vedlikehald og oppgradering. Ved å leggje røyrgata i eksisterande veg vil brukarane ha ein tidsriktig og brukarvenlig veg.

Når det gjelder løysningar for røyrgate så vil den gå i vegtraseen med nokken mindre justeringar. Førning av røyrgata gjennom igjennom bergknaus kan gjerast med ulike løysningar. Som boring i

staden for sprenging. I følge entreprenør K.A. Aurstad er det lite problemer med å bygge røyrgetraseen.

Bilde 4 og 5

Eit enkelt reknestykk. Nytt toppdekke med grus på 10cm, 4m bredde på ei strekning på 2300m til ein pris på 500 kr m³ ferdig tilkjørt og lagt.

$$0,1*4*2300*500 = 410\ 000$$

Med eit sal av fiske kort på 5 – 6 stk. pr. år / 2 grunneigarlag. Kor mange år tar det å tilbakebetale investeringa?



Bilde 4 og 5. Slik meiner NVE at vi skal ha vegen til evig tid.

NVE' truverdighet når det gjelder konsekvensar for fisk, friluftsliv og landskap.

Her viser vi konsekvensar av konsesjon gitt av NVE når det gjelder 420 kV linja som deler Vikedalen i to. Disse bilda er henta frå området som er omtalt i søknad / avslag.

Trafostasjon på Heiane under Borgundkollen.

Trafostasjon sett frå Fagrefjellet.



Trafostasjon sett frå Rømerhornet.



Trafostasjon Sett frå Aurenakken



Linjer i dag som deler Vikedalen i to.



Gimsdalselva Fallrettslag meiner at avslag om konsesjon er feil. Vi meiner at med gode avbøtande tiltak vil kraftverket, fiske og friluftsliv kunne fungere utmerkt saman.

Som avbøtande tiltak kan vi nemne fylgjande:

Fisk:

- Legg til rette for betre gyteplasser.
- Opne side elver som nå er tetta grunna isferd og rullesteinar. Spesielt med tanke på sjørret.

Veg:

- Veg treng oppgradering til dagens behov.
- Muligheit for å få straum til Gimsdalsstølen.

Friluftsliv:

- Det kan anleggjast bru som gjer det mulig å passere Vikelva å gå frå Vikesida til Blindheimssida.
- Rasteplasser med benker på veg langs røyrgate.

Gimsdalselva Fallrettslag

Bård Myhre, Karl Fredrik Blindheim, Eivind Nyborg

Blindheim Grunneigarlag

Per Bjarte Ludviksen

Vikedalen Grunneigarlag

Bård Myhre